



Norges Vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.:
201801666-58

Vår ref.:
18/306-6

Arkivkode:
K2 - S82

Dato:
01.11.2018

Vedtaksbrev - Innspel til Nasjonal ramme for vindkraft på land

Heradsstyre - 044/18:
Det er fatta følgjande vedtak i saka:

Granvin herad ber om at heradet sitt areal innanfor Analyseområde 17, vert ekskludert i sin heilskap frå arbeidet med *Nasjonal ramme for vindkraft på land*.

Dette grunna omsynet til friluftslivsinteresser i områda Herdabreida, Hedler-Lussand-Gråfjellet og Kistenuten. Området er frå før belasta med kraftlina Sima – Samnanger. Ein vindmøllepark her vil føra til ei for stor belastning av tekniske inngrep og forringa området sin verdi for friluftslivet kraftig.

Med helsing

Rigmor Bøthun Gåsøy
Sekretær

Kopi til:

| | | | |
|---|-----------------------------------|--------------|--------------------|
| Bergljot Myklatun Kvam herad Naturvernforbundet i Hordaland Norges Miljøvernforbund | Grovagjelet 16 | 5600 | NORHEIMSUND |
| Ullensvang herad Ulvik herad | Sandvikevegen 11 Skeiesvegen 3 | 5780 5730 | KINSARVIK ULVIK |



Postadresse:
Postboks 13
5733 Granvin
Org.nr:
844162502

Telefon:
56 52 40 00
Postgironr.
0503 5786504

Telefaks:
56 52 40 01
Bankontonr.:
6501 05 67305

E-post:
postmottak@granvin.kommune.no
Internettside:
www.granvin.kommune.no

Granvin herad Sakspapir

| Utval | Møtedato | Saknr |
|---------------|------------|--------|
| Formannskapet | 16.10.2018 | 040/18 |
| Heradsstyre | 31.10.2018 | 044/18 |

| | | |
|--|---------------------------|----------------------------------|
| Sakshandsamar: Sjøflot, Thomas | Arkiv: K2 - S82 | Arkivsaknr: 18/306 - 4 |
|--|---------------------------|----------------------------------|

Innspel til Nasjonal ramme for vindkraft på land

Dokumentliste:

Nasjonal ramme for vindkraft. Ønske om kommunens fortsatte rolle som bevarer av kommunens enestående landskap.

Nasjonal ramme for vindkraft på land - Innspill om viktige regionale interesser. NVEs referanse: 201801666-58

Vindkraftanlegg i Lussandsfjella

Vindturbinar på 250 meter skal vurderast i Granvin

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL TILRÅDING:

Granvin herad ber om at heradet sitt areal innanfor Analyseområde 17, vert ekskludert i sin heilskap frå arbeidet med *Nasjonal ramme for vindkraft på land*.

Dette grunna omsynet til friluftsiinteresser i områda Herdabreida, Hedler-Lussand-Gråfjellet og Kistenuten. Området er frå før belasta med kraftlina Sima – Samnanger. Ein vindmøllepark her vil føra til ei for stor belastning av tekniske inngrep og forringa området sin verdi for friluftslivet kraftig.

16.10.2018 Formannskapet

FS- 040/18 Vedtak:

Framlegget til vedtak vart samrøystes tilrådd.

31.10.2018 Heradsstyre

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

HS- 044/18 Vedtak:

Granvin herad ber om at heradet sitt areal innanfor Analyseområde 17, vert ekskludert i sin heilskap frå arbeidet med *Nasjonal ramme for vindkraft på land*.


Dette grunna omsynet til friluftsiinteresser i områda Herdabreida, Hedler-Lussand-Gråfjellet og Kistenuten. Området er frå før belasta med kraftlina Sima – Samnanger. Ein vindmøllepark her vil føra til ei for stor belastning av tekniske inngrep og forringa området sin verdi for friluftslivet kraftig.

FAKTA:


Rådmannen viser til brev frå NVE frå 01.10.2018 (og frå 08.06.2018). NVE har fått i oppdrag frå Olje- og energidepartementet å laga ei nasjonal ramme for vindkraft på land. Arbeidet skal leverast innan 01.03.2019 og har som mål at dei beste lokalitetane for vindkraft vert vald når det vert søkt om konsesjon. NVE ynskjer kommunane, fylkesmennene og fylkeskommunane sine innspel om viktige regionale interesser.

NVE har presentert 43 analyseområde, kor Granvin herad ligg delvis innafor område 17 med Kvanndalsfjellet og Lussandfjellet. Innafor analyseområda har NVE på eige grunnlag ekskludert areal som er mindre eigna til vindkraft. I Granvin står ein att med fjellområdet over Lussandstølen mot Herdabreida som eigna areal.

Det har kome innspel frå Naturvernforbundet Hordaland v/Synnøve Kvamme og frå Lussand Grunneigarlag v/Rune Myklatun. Naturvernforbundet har ikkje ei bestemt tilråing i saka, men trekkjer fram at vindmøllene vil vera opp til 250 m høge og ha trong for eit omfattande nettverk av veg. Grunneigarlaget er skeptisk til vindkraftanlegg i Lussandfjella, på bakgrunn av at området allereie er belasta med store kraftmaster.



Figur 1: Oversikt Analyseområde 17.



Figur 2: Analyseområde 17 med eksklusjoner.

VURDERING:

Rådmannen viser til innkomne innspel og til Miljødirektoratet sin Naturbase på nett. Området Herdabreida har status som registrert friluftsområde gjennom prosjekt "Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder" i Granvin Herad (KartlagtFOID FK00017876). Området er vurdert å ha middels gode opplevingskvalitetar og er skildra slik:

«Flott turområde/utmarksområde, med merka sti til Herabreidsstølen. Her står det tufter igjen etter dei gamle stølane - Herabreidstuftane. Herifrå kan ein gå vidare til Voss og Kvanndalstølen, men det er bratt sti til Kvanndal. Gammal stølsveg.»


Tilstøytande Herdabreida ligg Hedler-Lussand-Gråfjellet i Sør og Kistenuten utfartsområde i Aust.

Hedler-Lussand-Gråfjellet (KartlagtFOID FK00017856) er vurdert å vera eit viktig friluftsområde med middels opplevingskvalitetar og er skildra slik:

«Fin, men bratt skogsveg opp til Fossdal (Lussandstølen). Den er merka og skilta, og det er hengt opp ein postkasse med informasjon. Turen er merka heilt til Herabreidstølen. Flott tur og flott utsikt. Viktig tilkomstveg.»

Kistenuten (KartlagtFOID FK00017880) er eit registrert friluftsområde med middels opplevingskvalitetar og er skildra slik:

«Fin topp, tilkomst fra Lussandstølen og Kvanndalstølen. Fin sti frå Lussandstølen til Kvanndalstølen. Fine vann, idyllisk høylfjellsområde. Det er planlagt shepratrap og merking. Potensiale for en flott rundtur. Er også en del av Oslo-Bergen, hvis dette blir så kommer nok til å bli mer bruk.»



Figur 3: Oversikt friluftsområde.

Området er allereie belasta med tekniske inngrep; kraftlina Sima-Samnanger. Ein vindmøllepark på Lussandfjellet vil føra til ei auka belastning, med høge vindmøller og eit

omfattande nettverk av veg, som vil forringa området sin verdi for friluftsliv kraftig.

Rådmannen meiner dette gjev grunn til å be NVE om at Granvin herad sitt areal innanfor Analyseområde 17, vert ekskludert i sin heilskap frå arbeidet med Nasjonal ramme for vindkraft på land.